



Gripen Gard Helene Olli Sollid  
Gripavegen 86  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1880 - 17/17627

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:  
13.09.2017

## Godkjenning av statleg tilskot til drenering av jordbruksjord på GBNR 54/1 i Gripen

**Administrativt vedtak. Saknr: 241/2017**

### Saksutgreiing:

Helene Olli Sollid søker statleg tilskot til drenering av jordbruksaral på GBNR 35/2. Søklar driv foretaket 988637106 Gripen Gard , der ho driv sauehald, inn på tunet verksemd, antikvarisk vekstad, småskala produksjon av mat og reiselivsopplevingar. Søknaden er motteke 18.07.2017 og omfattar eit areal på om lag 30 daa. Arealet var tidlegare grøfta på 1800 og 1900 talet, og seinare reparert med ujamne mellomrom. Det er i all hovudsak gamle kistegrøfter og steingrøfter som har tatt skade av tidlegare drift med tyngre maskiner. Søklar har gjort ein prøve med å spa opp grøft, reinska den og la den vera open og dette ser ut til å fungera godt. Det er planlagt 465 meter med grøfter.

Søklar har i si miljøvurdering av tiltaket opplyst at ho ikkje kjenner til at det vil ha negative konsekvensar for kulturminne, naturmangfald, auka flaumfare, erosjon eller påverka naboareal eller allmenta sine interesser.

Gripen har eit unikt kulturlandskap med mange kulturminne og søknaden vart difor sendt på høyring til kulturminnestyresmaktene 04.07.17. Hordaland fylkeskommune har ikkje svart pr. 07.09.17 og kommunen går ut frå at dei ikkje har merknader til tiltaket.

Saka er handsama etter delegert mynde frå kommunestyret. Kommunen avgjer søknade, men fylkesmannen står for utbetaling av tilskotet. I jordbruksoppgjret 2017 vart partane samde om å auka tilskotet til kr. 30 pr. lm for usystematisk grøfting. Kommunen hadde motteke søknaden etter fristen 1. juli, og søknaden vert difor løyvd med dei nye satsane.

### Vurdering

Tiltaket vil gje ei generell forbetring av jord- og plantekultur, noko som kan gje større avlingar av betre kvalitet. Drenering vil kunne gje betre utnytting av gjødsel, samt mindre avrenning av nærings salt og

reduisert utslepp av klimagassar. Tiltaket har positivt effekt på kulturlandskapet, då areal som er godt driven gjev betre opplevingskvalitet enn vassjuke areal .

Garden i Gripen vert drive som den vart kring 1950. Små og lette maskiner er viktig, og bøane vert slått med slåmaskin og graset vert bakketørka eller hesja. Det vert ikkje brukt handelsgjødsel og sauene er viktig som landskapspleiarar. Dei attgrodde areala rundt bøen og delar av beite er gradvis rydda fram att. Bruket har mange kulturlandskapsverdiar som gamle bygningar, tørrmurte element i steingardar og bygg, intakte strukturar som stier og gamle ferdselsveggar, og det er ikkje gjort fysiske inngrep(sprenging/planering) i landskapet. Framtidig drift skal ta vare på desse verdiane, og med aukande nedbør er grøftesystemet ein viktig del av skjøtselen. Søkjar ynskjer å spa grøftene med handamakt; dette er tungt, men samstundes den mest skånsame måten ein kan driva vedlikehald på. Det er ingen føringar i forskrift for tilskot til drenering på korleis arbeidet skal gjerast, men føremålet for ordninga er å bidra til auka jordbruksproduksjon jf § 1 i forskrifta. Slik kommunen ser det er søknaden er i tråd med føremålet til ordninga.

#### *Berekning av tilskot*

Det er søkt om tilskot til 465 meter usystematisk grøfting a kr 30 pr. lm sum kr. 13 950, avrunda til 14 000. Arealet som vert omfatta av grøftinga er på om lag 30 daa.

#### *Kulturminne*

Søknaden har vore på høyring hjå fylkeskommunen, som ikkje har svart. Kommunen har sjekka søknaden mot automatisk freda kulturminne og det er ikkje registrert slike i området. Søknaden har vore diskutert med kulturkonsulenten i kommunen og han meiner at tiltaket ikkje kjem i konflikt med kulturminne når arbeidet vert gjort med handamakt og spade, og at det er å foretrekkja framfor gravemaskin i dette landskapet.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

#### *Naturmangfaldlova*

Det er gjort søk i Naturbasen og det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med dreneringa. Eit areal nordvest for tunet er registrert som naturbeitemark – frisk fattigeng. I registreringa står det at for å ta vare på dei biologiske verdiane må beitetrykket aukast og det må ikkje gjødselast. Drenering av dei omsøkte areala vil bidra til avlingsauke og soleis kunna gje grunnlag for høgare dyretal på bruket. Dette kan vera positivt med tanke på å auka beitetrykket på det arealet som er registrert i naturbasen. Opne grøfter/småbekkar kan bidra positivt til auka naturmangfald.

Utfrå dette ser ikkje kommunen at grøftinga vil medføra skade på viktige naturverdiar. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdere konsekvensar dreneringa med tanke på naturverdiar. Administrasjonen kan ikkje sjå at dreneringa vil ha andre negative verknader.

Generelt gjeldt det at alle inngrep som blir gjort i samband med dreneringa, skal utførast mest mogleg varsamt og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jf §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

## Konklusjon

Drenering er eit viktig klima- og miljøtiltak, og tiltaket vil gje lettare arbeidstilhøve og større avling av betre kvalitet. Det er ikkje registrert at tiltaket kjem i konflikt med viktige kultur- og naturverdiar.

Administrasjonen meiner tiltaket er i tråd med føremålet til forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord og løyver kr. 14 000,-i statstilskot til tiltaket

## Vedtak

Meland kommune løyver inntil kr 14 000 i statstilskot til inntil 465 meter grøfting til Helene Olli Sollid på gnr. 35, bnr.2 i tråd med søknad motteke 18.07.2017.

Arbeidsfrist er sett til 01.10.2020

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord § 5 jf §3. Forskrift om produksjonstilskot §4 og naturmangfaldlova §§ 8-12.

Generelle vilkår for løyvinga:

Dersom ein under gjennomføring av tiltaket støyter på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet stansast og regionalt kulturminneforvaltning kontaktast.

Delutbetalingar skal godkjennast av kommunen, og minst 30 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er ferdig.

Dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for støtte kan Meland kommune avgjera att tilskot skal betalast tilbake heilt eller delvis.

Kommunen skal godkjenna arbeide, gje difor melding til kommunen når arbeidet er ferdig.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om tilskot til drenering av jordbruksjord GBNR 35/2  
Kart

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Gripen Gard Helene Olli Sollid

Gripavegen 86

5020

5918

BERGEN

FREKHAUG